



VEGFORUM ØST-VEST

Notodden, 11. april 2016

Telemark fylkeskommune
v/ Anne-Gro Ahnstrøm
Fylkeshuset
3706 Skien

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ VEGFORUM ØST-VEST TIL GRUNNLAGS-DOKUMENT NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018-2029 (REVIDERT UTGAVE 8. MARS 2016).

I tilknytning til det framlagde *Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029* (Revidert utgave 8. mars 2016), samt vedlegg 3 til dokumentet *Faglig grunnlag for motorvegplan*, (Februar 2016), vil Vegforum Øst-Vest merkja:

Vegforum Øst-Vest seier seg nøgd med at det i motorvegplanen er vurdert firefeltsveg og 110 km/t frå Austlandet ved kryss E6 ved Vassum (inkl. kryssing av Oslofjorden) til E134 og ei vidareføring av E134 vestover til Hokksund, Kongsberg og Notodden. Vegforum Øst-Vest er også nøgd med at det i motorvegplanen er vurdert firefeltsveg og 110 km/t frå Haugesund til Jøsendal.

Vegforum Øst-Vest finn det likevel sterkt provoserande at Regjeringa har gjort vedtak om å ta bort armen på E134 mot Bergen (Hordalandsdiagonalen). Denne vart som kjent tilrådd av Statens Vegvesen (SVV) i aust-vestutgreiingane. Ved å fjerne armen mot Bergen vil den samfunnsøkonomiske lønnsmda ved E134-alternativet bli redusert med 14 mrd. kr (frå 26 til 12 mrd. kr). Vegforum Øst-Vest finn dette vedtaket særskilt provoserande etter som Regjeringa samstundes gjorde vedtak om å gå vidare med dei minst lønnsame alternativa, Hardangervidda (RV 7) og Hemsedal (RV 52), med samfunnsøkonomisk lønsemd på høvesvis minus 12 og minus 14 mrd. kr). Dette inneber skilnader mellom E134 og RV7/RV 52 på høvesvis 38 og 40 mrd. kr.

Ved å fjerne armen mot Bergen, vert trafikkgrunnlaget på E134 så sterkt redusert at det ikkje lenger vil vera økonomisk forsvarleg med motorvegstandard (firefeltsveg og 110 km/t) på den

Styreleiar:
Svein Sem
Heddalsvn. 590
3677 Notodden
Mob.: 902 83 121

Nestleiar:
Nicolai Østhus
Asparhaug 20
5563 Førresfjorden
Mob.: 982 56 350

Styremedlem:
Halvor Grene
Skavangerveien 38
3617 Kongsberg
Mob.: 970 56 029

mellomliggjande strekninga mellom Notodden og Jøsandal. Armen mot Bergen er såleis ein føresetnad for å etablere ein samanhengande motorveg mellom Austlandet og Vestlandet.

SVV sine utgreiingar av aust-vestsambanda i 2014 synte at E134 framstod som det sambandet med desidert høgast samfunnsøkonomisk lønnsemd. I Noreg finn ein ikkje noko samferdselsprosjekt med lønnsemd i nærleiken av dette. Årsaken er å finne i det faktum at E134 med arm mot Bergen vil fungere som aust-vestsamband for praktisk talt heile Vestlandet sør for Sognefjorden med ei folkemengd på ca. 1 million. Med avgreningar i vest mot Bergen og Stavanger og i aust mot Grenland, Vestfold og vidare over Oslofjorden mot Sverige og kontinentet, vil E134 vera ein sentral veg for ei folkemengd i Sør-Noreg på ca. 3 millionar. I følgje SSB sine prognosar vil folkemengda i dette området auke til rundt 4 millionar i 2030.

SVV sine analyser syner at E134 si høge samfunnsøkonomiske lønnsemd byggjer på to føresetnader. Desse er, forutan etablering av **arm mot Bergen**, (som aukar lønnsemda med 14 mrd. kr), **ei traséomlegging av E134 i Vest-Telemark** ved at traséen vert lagt gjennom Rauland (som aukar lønnsemda med 13 mrd. kr sml. med trasé gjennom Seljord). Vegforum Øst-Vest vil understreke at det ikkje er rom for å endre på nokon av desse føresetnadene utan at dette får dramatiske samfunnsøkonomiske konsekvenser.

Etter Vegforum Øst-Vest si oppfatning, gjev SVV sine aust-vestutgreiingar tilstrekkeleg grunnlag for å gjere vedtak om kor hovudsambandet mellom Austlandet og Vestlandet skal gå. For å få ytterlegare utgreiingar inn i eit rett spor med omsyn på den føreståande handsaming av Nasjonal transportplan 2018-2029, meiner Vegforum Øst-Vest at det bør gjerast følgjande grep:

- Det må snarleg setjast igong arbeid med KVVU for armen mot Bergen slik SVV har gjort framlegg om i aust-vestutgreiingane.
- Føresetnaden for ei vidare utgreiing av Rv7 må vera ei tilsvarande utgreiing av E134 med arm mot Bergen, slik at det ligg føre fullstendige og likeverdige vedtaksgrunnlag for val av alternativ.
- Rv52 må utgreiast primært med siktemål å gje regionane nord for Sognefjorden eit tilfredsstillande samband til Austlandet.
- Endeleg val av alternativ for framtidege samband mellom aust og vest må treffast på grunnlag av overordna nasjonale omsyn, der samfunnsøkonomisk lønnsemd er ein sentral parameter.

Med helsing
VEGFORUM ØST-VEST



Svein Sem
Styreleiar

Kopi til:

SD, Stortingets transport- og kommunikasjonskomité, SVV, aviser i Telemark, Hordaland, Rogaland og Buskerud, m.fl.